

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	16.10.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/74693-4
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Cathrine Gunn Grasdal
<b>E-post</b>	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
<b>Telefon</b>	90526060

## Fråsegn til offentlig ettersyn og høyring - detaljreguleringsplan for Mangersnes - planID 12602011000400 - Radøy - Alver kommune

Vi viser til brev datert 31.08.23 om høyring av forslag til detaljregulering for Mangersnes på Radøy. Hovudfremålet i planen er bustader med tilhøyrande infrastruktur. Fremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan med kommuneplan der området er sett av til LNF og bustad. Det er endra på noko av LNF-formålet i KPA og heller nytta d til bustader, medan areal avsett til bustadformål i KPA vert teke i vare som LNF.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 22.10.2013. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Fylkesdirektøren har mynde til å fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektøren har delegert myndet vidare til avdelingsdirektør for kultur og folkehelse og infrastruktur og veg, for motsegn som gjeld plansaker som har vesentleg negativ verknad for regionale og nasjonale verdiar innanfor desse myndeområda. Motsegnsretten er i medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering, datert 08.12.22, avsnitt 41 om lov om planlegging og byggesakshandsaming.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:  
[www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing).

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Planforslaget legg opp til 24 nye einebustadar. Reguleringsplanen regulerer fortau langs kommunal veg, men regulerer ikkje fylkesvegen vidare til Manger sentrum.

#### Medverknad

I planframlegget viser ein til pbl sitt minimumskrav for medverknad, då oppstart blei annonsert i 2013. Kommunen og planframstillar har hatt noko dialog med grunneigarar, og merknader som kom inn til oppstart er samla i eige dokument. Vestland fylkeskommune vil peike på at dette er ti år tilbake, og at ein del føresetnader er endra. Planskildringa viser ikkje korleis ein vil gjennomføre medverknad i den vidare prosessen. Vi minner om pbl sitt krav til medverknad, § 5-1:

*Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.*

*Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.*

Planmaterialet ber preg av å vere gamalt, særleg med tanke på medverknad og korleis ein har jobba med FN sine berekraftsmål og regionale føringar. Planskildringa bør innehalde eit kapittel om gjennomføring av medverknad.

#### Regionale planar

I planskildringa s. 7 har ein lista opp regionale planar, men dei fleste av desse er utdatert og erstatta av nye:

- [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 \(regional planstrategi\)](#)
- [Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033 \(RTP\)](#)
- [Regional plan for klima 2022-2035](#)
- [Regional vassforvaltingsplan 2022-2027](#)
- [Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033](#)

Vidare kan vi ikkje sjå at målsetnader frå dei gjeldande planane [Regional plan for attraktive senter](#) i Hordaland og [Regional areal- og transportplan for Bergensområdet](#) er innarbeidd i planforslaget, sjølv om dei er nemnde. Vi vil særleg trekkje fram retningslinje 5.4 i denne planen: *Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og til kollektivstopp.*

Gjeldande [areal- og transportplan for Vestland](#) har mellom anna dette hovudmålet: *Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling*

For å sikre klima- og miljøvenleg mobilitet er det også viktig å sikre effektiv arealbruk, og unngå unødvendig nedbygging av natur. Nedbygging av natur er den største menneskeskapte påverknaden klima og natur. Fylkeskommunen har fokus på at fleire skal velje å gå, sykle eller ta kollektivtransport. I lys av desse målsetnadene er tilrettelegging for berre einebustader i dette området ikkje ei framtidretta løysing. Einebustader er lite arealeffektivt og avstanden til Manger sentrum med kommunalt tenestetilbod og handel, er slik at dette i hovudsak må forståast som ei bilbasert utbygging. Vi rår til at det blir tatt ut noko bustadareal. Ei meir effektiv utnytting av dei lågareliggande tomtene, vil vere ei betre løysing. At ein vil regulere parsellhagar er positivt, og vil også stø opp om ei meir arealaffektiv utnytting av bustadareala.

#### Kulturminne og kulturmiljø

##### **Administrativ motsegn**

Vestland fylkeskommune fremjar motsegn til planframlegget med heimel i plan- og bygningslova § 5- 4 og i tråd med Rundskriv T-2/16 punkt 2. Kulturmiljøet er av nasjonal verdi (punkt 2a), og konsekvensane er av ein slik karakter at motsegn er naudsynt for å ivareta kulturmiljøinteressene (punkt 2b).

##### Vestland fylkeskommune fremjar motsegn til plankart og føresegner:

Tiltak etter plan er i strid med kulturminnelova § 3.

**Motsegn fell bort** når automatisk freda kulturminnet er forsvarleg sikra i plankart med omsynssone c) (sosi-kode H570) og føresegner.

#### Sakshistorikk

Vi viser til vår uttale datert 13.12.2013, der vi mellom anna peiker på nokre kulturminne og kulturhistoriske trekk i og omkring planområdet som bør vere i fokus, og der konsekvensane av tiltaket bør gjerast særskilt godt greie for i planarbeidet (sjå vedlegg). Dette gjeld mellom anna for automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 91074.

Rett utanfor plangrensa for detaljregulering Mangersnes på gnr. 444, bnr. 2, 34 og 81, ligg eit aktivitetsområde/båtverkstad frå førhistorisk tid (Id 91074). Lokaliteten er unik i norsk samanheng, då det her er gjort funn av båtrestar frå eldre jernalder. Frå denne perioden har vi liten kunnskap om båtbygging og båtkonstruksjonar. Lokaliteten er soleis svært verdifull. Berre ein mindre del av

området der lokaliteten ligg er grave ut, og det er ingen tvil om at det enno skjuler seg verdifulle gjenstandsfunn i området.

Då lokaliteten ligg rett utanfor plangrensa er ikkje konsekvensane planframlegget vil få for det automatisk freda kulturminnet skildra i saka. Ny køyreveg SKV (M6), o\_SF1, og GN er ikkje illustrert verken i form av snitt eller anna, og det er uklart korleis terrenghandsaminga i form av eventuelle fyllingar og skjeringar skal gjerast like ved kulturminnet id. 91074. Vi ser at føresegnene også opnar opp for mindre avvik av plassering av tiltak på opptil 1 meter horisontalt og vertikalt. Slike avvik kan ikkje førekomme i nærområdet til lokaliteten. Det er heller ikkje vist korleis det automatisk freda kulturminnet skal ivaretakast ved gjennomføring av tiltak etter plan nær kulturminne (anleggsfasen).

Då ein ikkje har inkludert det automatisk freda kulturminnet i planen, medfører dette at Vestland fylkeskommune ikkje kan avgjere om kulturminnet er forsvarleg sikra ved gjennomføring av tiltak etter plan. Tiltak iht planforslaget kan difor vere i strid med kulturminnelova, jf. § 3.

Det må utarbeidast snitt og illustrasjonar som viser kva innverknader planforslaget med køyreveg, fortau og grønstruktur, vil ha for det automatisk freda kulturminnet. Det må også utarbeidast ein plan som sikrar kulturminnet i anleggsfasen. Først då kan Vestland fylkeskommune avgjere om kulturminnet er tilstrekkeleg sikra i planforslaget. Planområdet ved det automatisk freda kulturminne må få omsynssone c) (sosi-kode H570) med tilhøyrande føresegn som sikrar kulturminnet.



**Figur 1. Raudt omriss viser plan, grøn og rosa markering viser automatisk freda kulturminne med tilhøyrande sikringssone.**

#### Konklusjon

Vestland fylkeskommune fremjar motsegn fordi det automatisk freda kulturminnet, Askeladden id. 91074, ikkje er godt nok ivareteke og sikra i planframlegget.

Planen viser ikkje konsekvensane for det automatisk freda kulturminne, Askeladden ID. 91074. Føremåla opnar opp for tiltak nær lokaliteten som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme lokaliteten eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml § 3.

#### Samferdsel, veg og infrastruktur

##### **Administrativ motsegn**

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg fremjar motsegn til reguleringsplan for Mangersnes på bakgrunn av omsyn til trafikktryggleik. Planframlegget sikrar ikkje trygg skuleveg

etter regional areal- og transportplan eller punkt 2.6 i kommunedelplan for Radøy 2019 sine føresegn.

#### Merknadar og motsegn

Det vart meldt oppstart av denne reguleringsplanen i 2013. Til oppstart viste Statens vegvesen blant anna til kommuneplanen sine føresegn punkt 2.4.

Alver kommune opplyser om i oversendingsbrevet at ved rullering av kommunedelplanen for Radøy i 2019 vart rekkefølgekravet punkt 2.6 til utbetring av den kommunale vegen mot Mangersneset før vidare utbygging av område gjort strengare enn kva vilkåra under punkt 1 og 2 frå vedtaket i 2018 omfatta.

Vedtaket kommunen viser til frå 2018 seier at planen vart forsøkt lagt ut på høyring i 2015 og i 2016. Kommunen gav avslag til å legge planen på høyring i 2016 fordi punkt 2.4 i føresegna til KPA ikkje var oppfylt:

«I byggjeområdet Mangersnes kan det ikkje gjevast løyve til tiltak før hovudveg til området er utbetra.»


Dette punktet er framleis med i KPA 2019 under punkt 2.6 Utbyggingsrekkefølge i Mangersnes (pbl. § 11-9 nr 4) som seier:

«Kommunal veg frå Mangersnes til Fylkesveg ved Manger kai skal inngå i reguleringsplan for det nye bustadområdet på Mangersnes.

Før det vert gjeve løyve til tiltak i det nye bustadområdet på Mangersnes skal hovudvegen vere utbetra. Utbetringa skal omfatte løysing for mjuke trafikantar og trygg skuleveg.

Løysing og omfang skal vurderast av kommunen basert på trafikkanalyse både for trafikk og anleggstrafikk.»

Vi meiner at krava under punkt 2.6 framleis ikkje er oppfylt i denne planen fordi ikkje heile vegen til Manger vert utbetra med løysingar for mjuke trafikantar, og det ikkje vert sikra trygg skuleveg heile vegen frå bustadområdet i planen til skulane som ligg i Manger sentrum.



Utsnitt frå fylkesatlas. Til venstre er planar på høyring, til høgre er kommuneplanens arealdel. Den raud stipla linja i KPA viser kor det ikkje er fortau/tilbod for mjuke trafikantar mellom Mangersnes og Manger sentrum, den svart stipla linja viser kor det er tilbod frå Manger sentrum til barneskulen.

Vi vil vise til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028 som seier:

«Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg skule veg til grunnskule og til kollektivstopp.»  
som det også vert vist til i punkt 2.4 i føresegna til KPA for Radøy 2019. Planskildringa til Mangersnes seier berre «Det går buss frå Manger sentrum til Bergen sentrum», som då heller ikkje dokumenterer trygg veg til næraste kollektivhaldeplass.

Føresegna til KPA under punkt 2.4 Rekkefølgjekrav (pbl. § 11-9 nr 4) seier også blant anna:  
«Nye bustadområde skal der det er mogleg planleggjast slik at dei vert knytt saman med eksisterande bustadområde. Det skal planleggast for heilskaplege løysingar for vegar, gang- og sykkelveg.»

Ved å berre regulere den kommunale vegen, og ikkje fylkesvegen får ein ikkje sikra ei heilskapleg løysing for mjuke trafikantar mellom bustadområdet og Manger sentrum kor ein finn skulane, kollektivhaldeplass, butikkar og andre tenester.

Fylkesveg 5486 Mangersnesvegen har fartsgrense 50 km/t og er ein smal veg kor det berre er tilbod for mjuke trafikantar frå Manger sentrum til like forbi barneskulen, som vert vist på kartutsnittet over.

#### Oppsummering

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, har motsegn til detaljreguleringsplan for Mangersnes fordi den ikkje oppfyller krav om trygg skuleveg etter regional areal- og transportplan eller punkt 2.6 i føresegna i KPA for Radøy.

Planframlegget legg ikkje fram dokumentasjon på at det vert sikra trygg skuleveg eller eit tilbod for mjuke trafikantar også langs fylkesvegen til Manger sentrum.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget. Etter delegasjonsreglementet for Vestland fylkeskommune fremjar administrasjonen motsegn for konfliktane knytt til sektoransvara som vert forvalta gjennom veglova og kulturminnelova.

Med helsing

**Synnøve Stalheim**  
seksjonsleiar  
NPI – Plan, klima og analyse

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagansvarleg  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Sigrun Wølstad – Kultur og folkehelse - Arealplan  
Lillian Byrknes – Infrastruktur og veg – Forvaltning bergensområdet  
Cathrine Grasdahl – Næring, plan og innovasjon – Plan, klima og analyse

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER